# Helgedagen

KYRKJELYDSBLAD FOR TIME

NR. 3 - juni 2016 48. årg.





**Sommarsider**

side 6



**Brass på Bryne**

side 8



**KIA marsjen**

side 13



**Fadervår**

side 4

## Bryne - Time - Undheim sokn

**Kyrkjekontoret** tlf. 51 77 03 77
Kontortider: Måndag-Fredag: 09:00 -14:00
Kyrkjekontoret: Erlandsbakken 6, 4349 Bryne
heimeside: http://www.time-kyrkja.no
e-post adresse: kyrkjekontoret@time-kyrkja.no

| | |
|---|---|
| telefaks | tlf. 51 77 03 60 |
| Prost: Kjell Børge Tjemsland | tlf. 416 38 048 |
| Kateket: Ingfrid Time Nærland | tlf. 401 67 222 |
| Diakon: Marit Høie Hetland | tlf. 48 89 69 19 |
| Diakon: Jofrid Aarsland Mikalsen | tlf. 48 89 72 32 |
| Sekretær Bryne sokneråd: | |
| Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Dagleg leiar Time sokneråd: | |
| Elisabeth Obrestad | tlf. 51 77 03 64 |
| Dagleg leiar Undheim sokneråd: | |
| Steinar Sandvik | tlf. 400 07 909 |
| Sekretær: Inger-Kathrine Fossdal | tlf. 51 77 03 77 |
| Sekretær: Siri Vik | tlf. 51 77 03 76 |
| Kyrkjeverje: Olav Vegard Søyland | tlf. 51 77 03 69 |

**Time**

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Gunnar Frøyland | tlf. 958 73 847 |
| Organist: Oddny Underhaug | tlf. 900 11 178 |
| Trusopplærar Ragnhild Hanssen | tlf. 990 22 872 |
| Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande | tlf. 48 10 70 62 |
| Kyrkjetenar helg: Tom Carlos Slettebø | tlf. 977 46 283 |
| Sokneråsleiar: Willy Finnbakk | tlf. 913 86 545 |
| Klokkar: Sofie Braut | tlf. 986 55 128 |
| Time kyrkjegard | tlf. 51 48 32 84 |

**Bryne**
Heimeside http://www.brynekyrkja.no

| | |
|---|---|
| Sokneprest Stein Ødegård | tlf. 911 57 105 |
| Organist: Per Olav Egeland | tlf. 900 18 708 |
| Trusopplærar Kristine Åsbø | tlf. 950 20 920 |
| Barne- og ungd.arbeider Marion Lende | tlf. 904 16 888 |
| TT arbeidar: Jens Hetland Haavik | tlf. 936 31 935 |
| Klokkar: Leif Andenes | tlf. 909 93 176 |
| Sokneråsleiar: Ola Undheim | tlf. 908 58 793 |
| Kyrkjelydutviklar: Bjørn Inge Hauge | tlf. 51 77 03 62 |
| Kyrkjelydsmedarb.: Johannes Kleppe | tlf. 951 42 602 |
| Kyrkjetenar: Gunhild Edith Lande | tlf. 48 10 70 62 |
| Kyrkjetenar helg: Håkon Espevik | tlf. 413 79 422 |
| Ungdomsarbeidar Morten Bjorland | tlf. 954 48 222 |

**Lye forsamlingshus**
Heimeside http://www.lyeforsamlingshus.no

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Gunnar Frøyland | tlf. 958 73 847 |
| Leiar forsamlingsstyret: Arne Heggheim | tlf. 900 34 326 |
| Administrator Lye: Sigurd Idland | tlf. 466 98 050 |
| Ungd.arbeid. Lye: Anders Høgsås | tlf. 952 51 809 |

**Undheim**
Heimeside http://www.undheimkyrkja.no

| | |
|---|---|
| Sokneprest: Dag Øivind Østereng | tlf. 41 65 98 93 |
| Organist: Kari Kaald Reiten | tlf. 908 10 346 |
| Kyrkjetenar: Hans Undheim | tlf. 900 37 560 |
| Sokneråsleiar: Kari Skare Sikveland | tlf. 959 29 283 |
| Ungdomsarbeidar: Tove Hersdal | tlf. 922 57 342 |
| Undheim kyrkje | tlf. 51 48 68 20 |

Besøk vår nettside:
**www.time-kyrkja.no**
E-post sokneråda:

| | |
|---|---|
| Time sokneråd: | time.sokneråd@time-kyrkja.no |
| Bryne sokneråd: | bryne.sokneråd@time-kyrkja.no |
| Undheim sokneråd: | undheim.sokneråd@time-kyrkja.no |

# Til ettertanke

*"...Det er vanskeleg å la trua vera tru på eller til Jesus. I staden prøver me å stabla opp ei tru me kan tru på."*



Gunnar Frøyland

## Tru «god nok»?

**Nokre gonger tenkjer me: Er trua mi god nok? Me samanliknar oss med andre. Dei kan så mykje meir enn eg. Dei bed så mykje meir enn eg. Dei har dei riktige meiningane. Dei har dei riktige orda. Dei gjer dei rette tinga. Eg, eg får det ikkje til, eg kan ikkje og vil ikkje vera som dei!**

Det er vanskeleg å la trua vera tru på eller til Jesus. I staden prøver me å stabla opp ei tru me kan tru på. Ei tru med rette meiningar. Ei trur med rette gjerningar. Nokre gonger seier Jesus: «Trua di har frelst deg,» eller ord som tyder det same. Den mest kjende som fekk høyra dette, er vel forbrytaren som vart krossfesta ved sida av Jesus. Han visste nok ikkje noko om kross og soning. Han hadde ikkje høve til å betra seg. Han bad ikkje om anna enn at Jesus skulle hugsa på han. Han fekk frelsa i gåve: «I dag skal du vera med meg i Paradis», sa Jesus (Luk.23,43). Berre eit håp til Jesus, eit håp som vart ei bøn, det var tru «god nok».

Han var smitteberar. Han var utlending, frå eit folk som lærte feil om Gud. Han ropa til Jesus. Han blei rein. Som den einaste av ti kom han attende og takka. «Trua di har frelst deg», sa Jesus. Han hadde ikkje kunnskap. Han hadde ikkje eit fromt liv. Han berre ropa til Jesus og takka han spontant (Luk.17,19). Trua hans var «god nok».

Det var strid rundt Paulus. Korleis kunne han forkynna og opna Guds rike for heidningane? Korleis kunne han tola at dei ikkje heldt lova frå Gamle testamentet? Og var ikkje dei andre apostlane meir til å stola på? «Av forvaltarar krevst det at dei viser truskap. Men for meg har det ingenting å seia om eg blir dømd av dykk eller nokon menneskeleg domstol. Ja, eg dømmer ikkje meg sjølv eingong, for eg veit ikkje om at eg har gjort noko gale. Men eg er ikkje dermed frikjend, for det er Herren som dømmer meg,» skriv Paulus(1Kor.4,2-4).
Paulus veit at Jesus er Herren. Så langt han får det til, er han lydig mot Jesus. Då betyr det ikkje så mykje kva andre seier. Det er tru «god nok».

«Kvar den som kallar på Herrens namn skal bli frelst.» (Rom10,13). «Gud er den som frikjenner. Kven kan då fordømma?» (Rom 8,33-34). Det er tru «god nok».

*Gunnar Frøyland*

# Min Salme

*..."Vi erfarer alle oppturer og nedturer i livet. Eg tar gjerne noen grep på gitaren, og stemmer i denne sangen som en bønn eller som en lovsang."*



Olav Eritsland

### O, Jesus du som fyller alt i alle

*O, Jesus du som fyller alt i alle,*
*Som rik på miskunnhet og nåde er.*
*Jeg lik Maria for din fot vil falle,*
*for intet hvilested er skjønt som her.*
*Min frelser kjær, ditt skjønne navn jeg nevner*
*ifra mitt hjertes dyp jeg priser deg.*
*Og alle tvilens mørke skyer revner*
*Din nådesol skal gjennomstråle meg.*

*Jeg er jo skjult i dine sår og vunder*
*Ditt ord er blitt en lykte for min fot.*
*Når du meg fører inn i prøvens stunder,*
*Din Hellig Ånd skal gi meg kraft og mot.*
*La ilden alltid i mitt hjerte brenne,*
*fyll du meg mere med din kjærlighet.*
*Så jeg igjen kan andre sjeler tenne,*
*i brann for deg som skjenker liv og fred.*

*Jeg intet annet ønske har på ferden*
*enn blott å være deg et ærens kar.*
*At jeg må være lys og salt i verden*
*og skinne som en stjerne ren og klar.*
*Du er mitt alt, O Jesus du er livet*
*Hva enn meg møter du min lovsang er.*
*Du har jo himlens herlighet meg givet,*
*i evighet skal jeg få være der.*

*Aage Samuelsen*

En sang som har fulgt meg gjennom åra, er Aage Samuelsen sin *O, Jesus du som fyller alt i alle*. Den er enkel, direkte og djup. Sangen beskriver det sentrale i den kristne tru og vår relasjon til Jesus slik vi opplever det i vår vandring gjennom livet.

I denne verden er det meste basert på prestasjoner. Det gjelder å få det til. Det å bli beundra av andre gir oss en god følelse. Kristen tru dreier seg ikke om det vi kan prestere for Gud, men om det Jesus har gjort for oss. Vi kan ta imot heilt ufortjent, som et lite barn. Denne sangen uttrykker på en fin måte vår takknemlighet til Gud for det Han betyr for oss.

Aage Samuelsen vakte oppsikt med sin uformelle, personlige og humørfylte stil. Han sang og komponerte sanger heile sitt liv. Han stiftet sin egen menighet med navnet Maran Ata.

Salmer og sanger eg har lært i barndommen, dukker opp i sinnet til glede og oppmuntring. Vi erfarer alle oppturer og nedturer i livet. Eg tar gjerne noen grep på gitaren, og stemmer i denne sangen som en bønn eller som en lovsang.

*Olav Eritsland*


Gi til NMS – få skattefradrag!



Det Norske Misjonsselskap
BROBYGGER I ORD OG HANDLING
Konto: 8220 02 85030 • Tlf: 51 51 61 00 • www.nms.no

Vil du gi en gave til Normisjon?
**Kontonr: 1503.02.13537**
Husk å øremerke gaven hvis du vil den skal gå til noe spesielt.
www.normisjon.no


*Foto framside: "Vår", Ingrid Time*


**Helgedagen** Utgitt av Time kyrkjelege fellesråd.
Redaksjon: Else-Marie Bue, Liv Helene Øyre Håland, Oddny Underhaug, Ragnar Time, Gunnar Frøyland, Arnfinn Vigrestad, Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard. Layout: Gabriel Tengsareid og Knut Aalgaard.
Trykk: Jærprint. Frivillig kontingent til Time kyrkjelege fellesråd, kontonummer 3212 20 24589. Merk innbetalinga med Helgedagen.
Stoff kan sendast til Kyrkjekontoret eller med e-post til helgedagen@lyse.net innan 8. september.
Neste nr. kjem ut ca. 29. september 2016.

# Herrens bøn (Fadervår)

**«Herre, lær oss å be!» Slik lydde spørsmålet frå læresveinane ein gong dei kom til Jesus. Spørsmålet deira er eit uttrykk for ei røynsle mange vil kjenne seg att i. Korleis skal eg be?**

Eg finn ikkje dei rette orda. Eg kjenner meg tom når eg skal venda meg til Gud. Og dei orda eg nyttar i bøna, kjem ofte som ei lang opprامsing av ord eg ikkje heilt får tak i sjølv. Trongen etter å få be slik at både eg og orda løftar både meg og bøna opp til Gud, det er ein lengt som bur i den som ber. Slik var det òg for læresveinane, og på vegner av oss alle kom dei til Jesus med spørsmålet: «Herre, lær oss å be!» Svaret dei fekk på spørsmålet, er Herrens bøn. «Slik skal de be», seier Jesus.

Berre for å ha sagt det innleiingsvis. Det er ikkje noko gale med fri bøn. Langt ifrå. Kvart menneske som kjem fram for Gud med alt det det har på hjartet, fylgjer ei anna oppmoding i Bibelen, nemleg den Paulus skriv om i brevet til Filipparane 4,6: «Ver ikkje urolege for noko! Men legg alt de har på hjartet, fram for Gud i bøn og påkalling med takkseiing.» Likevel er det ei stor lette at me har fått ei bøn som me kan kvila i. Kvart ord me kan nytta i bøna er gjeve oss av Herren sjølv. Han har sagt at me skal be slik. Det er ei gåve. Herrens bøn er ei stor gåve til kvart menneske som bed, og ei gåve til fellesskapet av alle som bed. Når det er gjeve lovnader til bøner som to og tre vert samde om å be, kor mykje meir er det ikkje då grunn til å venta at Herren ein dag skal oppfylla det me bed om i Herrens bøn? Denne bøna som vert beden rundt omkring av menneske over heile jorda, på alle tungemål, til ei kvar tid. Det er ein stor og mektig tanke dette at det til ei kvar tid, kvart sekund av døgeret, utan opphald stig opp eit stort kor av Fadervår til himmelen. Berre tanken på dette store og mektige bønekoret er ein forsmak på himmelen. Det er ingen ord i Bibelen som vert så mykje nytta, som så mange menneske verda rundt kan utanboks, og som er så utbreidd i praksis som Herrens bøn.

*I første nummer av Helgedagen i år hadde me ein innleiande artikkel om Herrens bøn. Der var bodskapen at Fadervår er kyrkja si felles bøn til Faderen. Ei bøn me bed ilag med heile kyrkja og som me som einskildpersonar kan kvila i. Her kjem andre del.*

## Lat namnet ditt helgast



*Dag Øivind Østereng*

Etter at me i opninga av bøna har gjeve bøna adressa til Faderen, er første bøn denne: *«Lat namnet ditt helgast.»* Når du bed denne bøna, kva slags indre bilete får du når du bed om at Guds namn må helgast? Dersom du ikkje har eit indre bilete, prøv om du kan danna deg eit bilete nett no, før du les vidare.
Og medan du tenkjer på kva slags bilete du får av å be slik, kan eg nemna at sjølve bøna ikkje er eit uttrykk for eit ønskje om at Guds namn må verta helga, men det er eit påbod. Verbet står i imperativ! Det skal verta helga! Det skal helgast!

Denne bøna har djupe røter i tilbedinga av Gud, slik han har openberra seg i Det gamle testamentet. Namnet, Guds namn, er eit anna uttrykk for Gud sjølv. Guds namn er heilagt, så heilagt at det ikkje kan verta uttala av ein jøde. I staden for å uttala det heilage namnet, seiar dei «Herren» (adonai) det gudsnamnet (JHVH) står i Bibelen. Innfor namnet, innfor Gud, står me framfor Den Heilage!

Og no har du kanskje alt forma deg eit bilete. Du har vendt deg i denne bøna til Faderen, du står framfor Den Heilage, og du ærar hans heilage namn. Kan hende du no har eit bilete av at du står framfor den himmelske trona, eller du står framfor det heilage altaret. Kva gjer du der? – Det er der du bed. Det er bøneplassen. Dette er staden der all bøn til Gud finn sin rette stad. Det gjer ingen ting om du i ditt indre bilete ser for deg at du fell på kne framfor Guds heilage trone, eller at du bøyar deg i ære for Gud.

Kven er det som skal helga Guds namn? – Det same verbet som står i imperativ, som eit påbod, står samstundes i passiv. Dette er ikkje mogeleg å få omsett til norsk. Den gamle bokmåls omsetjinga «helliget vorde ditt navn» er det næraste vi kjem eit forsøk på å få fram både imperativen og passivforma. Kven skal helga Guds namn? Saka er den at namnet er heilagt, av di Gud er heilag. Gud er difor det naturlege subjektet i bøna. Og det er difor Gud sjølv som helgar namnet sitt, gjennom den Gud er og det Gud gjer. Skal me omsetja bøna etter si meining, så er dette ei bøn om at Gud må koma til oss som den han er, og gjera sitt namn stort mellom oss.

Det er ei stor visjon i dette. For denne bøna vert oppfylt i Kristus Jesus. Det er Jesus som lærar oss å be slik, han som samstundes er oppfyllinga av denne bøna. I Kristus Jesus har nemleg Gud endeleg openberra sitt namn. I Johannes 17, Jesu øvsteprestlege bøn, bed Jesus: «Eg har openberra ditt namn for dei menneske du gav meg frå verda» (Joh 17,6), og vidare bed han i same bøna: «Heilage Far, hald dei fast i ditt namn, det namnet du har gjeve meg, så dei kan vera eitt slik som vi er eitt. Då eg var hos dei, heldt eg dei fast i ditt namn, det namnet som du har gjeve meg» (Joh 17,11b-12).



Foto: KAA

***Herrens bøn (Fadervår).*** *Bøna er retta mot fyrste personen i Gud, Faderen*

I Jesus er Guds namn helga, og me som kyrkje og som kristne helgar hans namn gjennom trua på Jesus som Guds Son. Dei siste orda i Jesu øvsteprestlege bøn openberrar ei djupare meining i denne bøna frå Fadervår, når Jesus der seier: «Eg har kunngjort namnet ditt for dei og skal kunngjera det, så den kjærleiken du har hatt til meg, kan vera i dei og eg sjølv kan vera i dei» (Joh 17,26).

Kven skal helga Guds namn? Det har me allereie svart på. Det er det Gud som gjer gjennom Sonen. Men me som kyrkje, som Andens skapning, skal halda fram med å lata Guds namn helgast gjennom oss, av di Kristus sjølv skal verta kjend og æra i verda gjennom oss. Me som kristne og som kyrkje vert såleis dregne inn i Guds eiga oppgåve når namnet hans vert helga. Kva slags indre bilete sit du att med når du bed bøna «Lat namnet ditt helgast»? Det er ein heil visjon verdt å stansa opp for, innfor Guds trone.

*Dag Øivind Østereng*
*Prest i Undheim*

### Herrens bøn - "Vår far"

**Vår Far i himmelen!**
**Lat namnet ditt helgast.**
**Lat riket ditt koma.**
**Lat viljen din råda på jorda slik som i himmelen.**
**Gjev oss i dag vårt daglege brød, og tilgjev oss vår skuld, slik vi òg tilgjev våre skuldnarar.**
**Og lat oss ikkje koma i freisting, men frels oss frå det vonde.**
**For riket er ditt og makta og æra i all æve.**
**Amen.**




# Sommarsider

Eg ser deg, Gud, i kvar den blom som tirer,
i fagre fargar mellom stein og strå,
som alle opp mot sol og himmel stirer
med bjarte smil som barneaugo små.

Eg ser deg, Gud, i kvar den bekk som skumar
i kvite fossar mellom knaus og koll
og kler i brudeskaut den unge sumar
og syng sitt liv utover vang og voll.

Eg ser deg, Gud, i kvar den tind som syner
eit bilet av din stordom og din glans,
når soli honom med sin gullkrans kryner,
og snøen bind av sylv sin glitrekrans.

Eg ser deg, Gud, i kvar den sky som rodar
så reint og høgt i friske morgonstund,
og i det gull som eg i kvelden skodar,
når dagen trøytnar mot sitt kvilemund.

Eg ser deg, Gud, i alt det liv som yrer
kring jordi all og høgt i stjernesveim.
Eg ser kor vel du skipar alt og styrer
som kjærleg fader i ein barneheim.

Eg ser deg, Gud, og i mitt auga skjelver
ei gledetåre, for du har oss kjær
og over oss så fager himmel kvelver
og gav til heim oss slik ei fager verd.

Salmediktaren, Johannes Andreas Barstad (1857-1931) forma sine tankar til denne lovsongen i 1899. Han var både prest og salmediktar, fødd i Volda. *Eg ser deg Gud i kvar den blom som tirer*, er ein av dei mest kjende han har skrive. Salmen er ikkje med i den nye salmeboka, men i den gamle salmeboka nr. 287 finn vi både tekst og tone. Håpar desse versa vil gleda mange av lesarane våre nå som me er ved inngangen til den lyse årstida.
I 1889 starta Johannes Andreas Barstad bladet, Stille Stunder, som han redigerte i over 40 år. Det vart ein døropnar for nynorsken. Stille Stunder kjem framleis ut og har sikkert mange lesarar også i Time.

*Foto: emb*





Elt knippe born knytt til Time-kyrkja. F.v. Jakob Rettedal Losvik, Ådne Stokka Andersen, Mathilde Stokka Andersen, Lovise Braut. Hund:Jeppe (Foto: Sofie Braut)

## Born i Time-kyrkja opplever våren og sommaren:

- det er rart at fuglane hugsar kor dei skal hen
- det er så fint at blomane kikkar fram igjen
- det er så fint at det vert mykje liv om våren
- eg vert glad når sola kjem fram og varmar
- det er så rart at så masse gror opp
- fuglane må jamen ha nokre kjende plasser for at dei skal finna fram til oss
- det er rart at blada blir heilt grøne
- dei grøne blada kjem ut på visne greiner

Slik undrar borna i Time-kyrkja seg over det som skjer i naturen rundt kyrkja. Dei har vore på utetur mens dei vaksne er samla til gudsteneste. La oss saman med borna sjå og gleda oss over det som skjer rundt oss desse tidlege sommardagane. Det er storstilt. Me må unna oss rast og ro til å ta inn skaparverket med auge og sinn og undra oss over kor stort og vakkert alt er. Lukke til med vandringa på dine sommarstiar!

*emb*



# Brass på Bryne



**ImF Brass Bryne**
**Stifta 1959**

**Øver på Saron kvar tysdag frå 19:15 til ca 21:30**
**God aldersspreiing - frå 15 til 80**
**13 medlemer – ønskjer fleire!**

**Ein øvingskveldkveld i mai får Helgedagen møta korpset i flott øvingslokale: Nybygget på Saron. Her er friske takter! Dei likar å spela melodiar som folk kjenner igjen og kan nynna med på. "Vår Gud han er så fast en borg" høver godt i så måte.**

I pausen får me vita meir om korpset. Det sosiale er forresten ein viktig del av spelekvelden. Her er det ikkje langt mellom gode replikkar og muntre kommentarar! Kaffi og noko attåt høyrer òg med.

Dei har ikkje dirigent, men mange av medlemene har vore med i 15 – 20 år, så dei er godt samspelte likevel. Formann er Geir Hetland. Han fortel at dei fleste har spelt i skulekorps før. Eventuelle nye korpsdeltakarar må ha spelebakgrunn frå korps, for dei har ikkje kapasitet til å driva opplæring frå botnen av.
Dei har for tida 13 medlemer, dei fleste frå Jæren og ein frå Gjesdal. Faktisk berre to frå Bryne! Sjølv med berre 13 spelarar, kan dei framføra melodiar med 20 stemmer. "Aldri fred å få!" – som ein av deltakarane muntert kommenterer.

Speleoppdraga er stort sett tredelte: Dei blir spurde om å spela, dei spør sjølve, eller dei er med og lagar arrangement, som til dømes julemusikalen "Like til Betlehem" eller Lina Sandell-turné.



Dei har ei lang og variert speleliste å visa til, med faste oppdrag som å spela på julemesser, på gudstenester i Bryne, Time og Klepp, og på friluftsgudstenesta på Krosshaug 2. pinsedag. Fast tradisjon har det også blitt med Evensong før jul og påske på Saron.

Litt meir spesielle oppdrag har vore ved opninga av Klepp-tunnelen - og sperreskål på Høghuset på Bryne. Endå meir spesielt var kanskje speling ved opninga av lausdriftfjøs på Tu! Her må det tilføyast at bonden er korpsmedlem!

Det var etter inspirasjon frå ein Bergenstur at korpset vart starta. Leiinga i indremisjonen på Saron bestemte i 1959 : "Dette vil me ha på Bryne" – og slik vart det. Det tek tid å byggja opp eit variert repertoar, så på første spelejobben vart det julesongar på jonsokaftan i Sandtangen! Nå – 57 år seinare – er korpset framleis oppegåande, og musikantane seier at om dei kan vera slitne før ei øving, så er det som ei energi-innsprøyting å spela og vera saman.

Dei ønskjer nye medlemer med korpserfaring hjarteleg velkomne, så det er berre å ta kontakt!

*Tekst og foto: LHH*





*Bileta er frå øvinga i mai*



*Frå friluftsgudstenesta på Krosshaug 2. pinsedag. (Privat foto Bryne ImF)*




*Leah, Ruben og Sem Svalestad i Vestre Ring 13 har solgt boller, muffins m. m. og fått inn 2200 kr til SuperSelma*

SuperSelma er en støtteforening for kreftrammede barn.
SuperSelma prosjektet gir lysglimt til kreftsyke barn i hele Norge og vil ha deg med på gjøre en forskjell.
Med et sykt barn må man noen ganger ta en dag av gangen. Da er det de positive tingene som teller. Positive lysglimt i en tøff tid.

## Frå Ecuador til festdagar på Jæren

Ann Kristin frå Sandnes og José Daniel frå Ecuador gifta seg i fjor. Pinseafta i år var det kyrkeleg velsigning for ekteparet i Time kyrkje. Ann Kristin har vore i Ecuador i fleire periodar for Normisjon, første gong i 2006. I tillegg til bryllupsfest fekk gjestene frå Ecuador med seg pinse og nasjonaldag i fint ver og flotte vårfargar. Ann Kristin og Daniel bur nå på Bryne.

*RT*



*17. mai var ein av fleire festdagar for denne gjengen frå Ecuador og Norge. Frå venstre: May Åse Strøm; dottera, Ann Kristin Tokheim Allaico; José Daniel Allaico Guasco; hans mor Maria Dorinda, og hans bror Silverio. Biletet er teke utanfor "snakkis-cafeen" 17. mai.*

## Bedriftsbyggjaren frå Kverneland



*Wiggo Erichsen er blitt ein vekstskapar innan næringslivet og har engasjert seg i hjelpearbeid for foreldrelause barn i Kenya*

**Wiggo Erichsen er kjend som ein suksessrik gründer, men han har og opplevd bratte motbakkar.**

Han er oppvaksen i Nordland, men kom til Rogaland som tenåring då mora flytta hit frå Mo i Rana tidleg i syttiåra. Wiggo fann seg ei jente frå Kverneland, dei gifta seg i 1977 og har sidan hatt heimen sin der. Nå har ekteparet 3 vaksne jenter og snart 10 barnebarn.
Wiggo var berre 16 år då han kjøpte sin eigen gravemaskin, og sidan har han vore sjølvstendig næringsdrivande omtrent heile tida.
- Eg har alltid likt å driva på eiga hand, fortel han. Mi einaste formelle utdanning etter grunnskule og folkehøgskule er som skytebas. Men eg har lært mykje i livets skule!

*Kva er det viktigaste du har lært?*
Kort sagt: Gi aldri opp! Det er blitt eit livsmotto for meg.

*Korleis starta forretningseventyret?*
Eg starta som partnar i eit matsenter i 1978. Sidan bygde det på seg, Det blei fleire kjedebutikkar, men med kjøpesenteret Regnbuen på Ganddal vart det bråstopp i 1984. Konkurs var uunngåeleg. Eg tapte alt eg eigde og meir til.

*Korleis opplevde du dette?*
Det var ganske traumatisk. Eg hadde jobba knallhardt og så knakk alt saman. Det var mange uheldige omstende som spela inn. Men eg sa til kona at me har to val: Enten blir me gjeldslavar og sosialklientar, eller du gir meg fem år til å jobbe døgnet rundt med nytt prosjekt. Allereie etter eitt år var me over verste kneiken.

Wiggo Erichsen fekk altså full støtte av kona til å stå på vidare. Han dreiv blant anna med import av varer, utvikla dette til eit butikkonsept, og "Spareland" vart etterfølgt av Europris. Denne bedrifta gjorde han til ein kjempesuksess, frå første butikk i 1992, til over hundre butikkar landet rundt då han selde seg ut i 2005. Seinare kjøpte han majoriteten av aksjane i Kitch`n der han nå er styreleiar. Også i dette konseptet har han skapt vekst. I 2014 fekk han ein næringslivspris som største vekstskapar i Rogaland. Hans eigedomsselskap har sidan kjøpt Jæren Hotel. Hotellet skal renoverast og kapasiteten aukast. I tillegg ligg det føre godkjende planar for eit nytt bustadfelt like ved.
- Ja, det blir byggestart like over sommarferien, opplyser Erichsen, som meiner at Bryne er ein by i vekst der det er interessant å satsa. - Det må bli liv i Storgata, med bygg som inneheld næring i første etasje og bustader i etasjane over, kommenterer han om situasjonen på Bryne.

Det mange ikkje veit er at Wiggo Erichsen også har eit hjelpeprosjekt i Kenya.

*Fortel litt om prosjektet og kvifor du har engasjert deg i dette?*
Eg er med og støttar Good Hope, ein barneheim der visjonen er å hjelpe foreldrelause barn som ingen andre vil ta seg av. Det inneheld og skule, bondegard og idrettshall, ikkje langt frå Nairobi i Kenya. Eg ville gi noe tilbake, og prosjektet er svært meiningsfullt for meg. Fortvila barn med "stone-face" kan eg seinare finna att med smilande ansikt på fotballøkka. Fleire tusen barn har fått hjelp. Eg er der om lag fem gonger i året, og når eg får sjå resultata, kjenner eg glede og takknemlegheit. Opplegget er forankra i den kristne trua. Det er International Gospel Mission, (IGM), med hovudkontor i Troms, som driv prosjektet. Good Hope i Kenya har ekspandert og gir hjelp på ulike vis, i tillegg til å hjelpe dei som bur på barneheimen.

*Kva betyr det kristne livssynet for deg?*
Det betyr sjølvsagt mykje. Det gir ein annan dimensjon på livet som er viktigare enn den travle kvardagen. Eg har barnetrua, og det blir spesielt meiningsfullt å hjelpe andre. På lista over kva som gir glede i livet, kjem pengar eit stykke ned. Men det er nødvendig å arbeida og tena pengar for å leva.

*RT*

# Israelsmisjonen i Stavanger krets er 100 år

**Den Norske Israelsmisjon (DNI) er den nest eldste misjonsorganisasjonen i Norge med start i Stavanger i 1844.** I dag er det arbeid i Israel, Aust-Europa og Norge. Etter at staten Israel blei eit faktum i slutten av 1940-åra har mykje av arbeidet vore retta mot Israel, der ein storpart av jødane bur. Slik formulerer Israelsmisjonen måla for engasjementet i dag:
« Vi ønsker å dele evangeliet med det jødiske folk, og i ord og handling arbeide for fred mellom Gud og mennesker og fred mennesker imellom. Eller med andre ord; evangelisering og menighetsbyggjing, diakoni og hjelpearbeid, freds- og forsoningsarbeid, samt undervisning og haldningskapande arbeid.

**Stavanger krets 100 år.**
Arbeidet i Rogaland, pluss Sirdal, var det første i landet som blei organisert i eigen krets. Det skjedde i St. Johannes kirke i Stavanger i 1916. Presten der, Johan Lunde, seinare biskop, var primus motor for å organisera dette. Nå siste helga i mai var det jubiléumsfeiring for 100 år både i denne kyrkja og elles i fylket. Israelsmisjonen har i dag 18 foreningar i vår region. Styreformann i jubiléumsåret er vår tidlegare sokneprest på Bryne, Arne Berge. Eitt av misjonsprosjekta i Bryne kyrkjelyd er for tida også for Israelsmisjonen, Return2Sender. Dette gjeld ungdomane i DNI. Return2Sender vil engasjera unge til å dela Guds kjærleik med det jødiske folket og til å ta aktiv del i freds-og forsoningsarbeid mellom messianske jødar og kristne palestinarar. Return2Sender er også opptekne av at unge skal bli betre kjende med Bibelen og med trua sine jødiske røter.

Lokalt fekk Bryne forening for i Den Norske Israelsmisjon i 1960. Det var dåverande brynebu, Ingjerd Johnsen, som drog dette i gang saman med nokre få vener.



*Alvhild Berge*

**Alvhild Berge med lang fartstid**
Helgedagen har snakka med Alvhild Berge, og her deler ho med oss sine tankar og engasjement nettopp for dette arbeidet. Ho har vore med i denne foreninga nesten frå starten og minnest 50-årsjubiléet i 2010.

- Me har vore samla til månadlege møte i heimane. Medlemstalet har variert, men på ei tid var me så mange at foreninga vart til to. Dei siste åra har det i tilegg vore meir aktivitet lokalt for Israelsmisjonen.

- Eg takka ja til å vera med i denne foreninga fordi eg alltid har vore interessert i Israel. Det er ein arv frå barndomsheimen. Far var Israelsvenn og politikar. Eg minnest samtalane heime om livet og livskåra for jødane. For meg har det vore interessant og godt å fylgja med i Israelsmisjonen sitt arbeid. I 2009 laga det seg, og eg fekk ein tur til landet. Det var ei stor oppleving endeleg å få sjå stadene eg «visste om» frå søndagskule og skule. Indre bilete vart til realitet. Eg var der det hadde skjedd. Serleg hugsar eg båtturen på Genesaretsjøen og besøk i områda omkring. Me var blant anna i Tiberias og Kapernaum. I sistnemnde by var det ruinar etter ei gamal synagoge. «I Jesu fotspor» sto det i turprogrammet.

Denne reisa gjorde noko med meg. Eg fekk ny inspirasjon til bibellesing. Ikkje minst vart det spanande å lesa profetiane og oppdaga alt som hadde fått si oppfylling.

Så ga eitt Israelsbesøk meirsmak, og det vart tur nummer to til Israel og dei palestinske områda i 2014. Opplevinga då kom ikkje i skuggen av den første. Køyreturen langs Dødehavet, med besøk i Jeriko og Betlehem på reisa til Jerusalem, sit fast i minnet.

Det er stadig like gildt og like gjevande for meg å vera med i DNI sitt arbeid og få ny innsikt og kunnskap om folk og land. Israelsmisjonen uttrykkjer i klartekst målet for dette arbeidet i si programerklæring. For meg har det vore godt å få gi noko tilbake til det landet me har fått evangeliet om Jesus frå. Me kan i bøn og offer vera med i arbeidet for at Jesus vert ein realitet for stadig fleire jødar. Ser eg tilbake er eg takknemleg for Guds leiing i livet også i dette.

Helgedagen ynskjer Den Norske Israelsmisjon tillukke med 100 års organisert arbeid i vår region!

*emb*

# Vi går for fellesskap!

**Inkluderingsdag for flyktninger**
**Bryne, søndag 25. sept. 2016. Start: Sandtangen kl 1400**



**Fysisk utfoldelse, fargerikt fellesskap, og fantastisk mat! Dette er noe av innholdet i årets inkluderingsmarsj i regi av Kia Rogaland som i år arrangeres for sjuende gang. I fjor hadde vi ca. 300 deltakere, men vi har plass til mange flere! Det blir lek og turgåing for store og små, teambuilding, latter, svette og gospel. Bli med på en friluftsfest der du blir kjent med folk fra mange nasjoner og kulturer!**

**Sandtangen på Bryne** blir base for arrangementet. Dette er et veldig fint sted, og turen ved Frøylandsvannet er overkommelig for de aller fleste, også for barnevogn eller rullestol. Vel tilbake blir det felles lunsj. Da "dekker vi langbord for hele verden". Maten som tas med, må være ferdig tilberedt slik at den kan settes på et felles lunsjbord. Te og kaffe til eget bruk må medbringes.
Ellers blir det leker for barn, konkurranser for ungdom i alle aldre og litt program.
"Turguider" vil sørge for at alle deltakere inkluderes i en gruppe på turen.
KIA Rogaland er avhengige av et godt samarbeid med menighetene. Vi håper å få «ambassadører» for arrangementet i flest mulig menigheter og organisasjoner i området. (brosjyre for arrangementet vil komme på www.kianorge.no/rogaland)

**Hvorfor gjør vi dette?**
Vi bryr oss! Det er kommet folk fra hele verden hit. Hva gjør vi for å bli kjent med dem? En inkluderingsdag med mye moro og medmenneskelig fellesskap er noe alle kan være med på, uansett kulturell eller religiøs bakgrunn.
Noen trenger bare å kjenne at de er velkommen her i området andre er kanskje kristne innvandrere som ønsker å finne et fellesskap der de kan høre hjemme. Raushet og godhet i forhold til nykommeren har vi uansett klare ord om i Bibelen. "Når en innflytter bor i landet hos dere, skal dere ikke undertrykke ham. Dere skal behandle ham som en landsmann. Du skal elske ham som deg selv" 3. Mos 19:33-34.

**Hvem er KIA Rogaland?**
Kristent Interkulturelt Arbeid er en frivillig organisasjon med en diakonal profil. Vi jobber med flyktninger, fastboende innvandrere, asylsøkere og etnisk norske. Vi samarbeider nært med menighetene og har etablert et menighetsnettverk til inspirasjon for dere som ønsker å jobbe med inkludering i lokalmenigheten.
